



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/022457-003


Dykkar referanse:
15/406 - 15/5567

Vår dato:
18.05.2015

Vedrørende søknad om avkøyrsløse - gnr. 172 bnr. 197 - Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev frå Lindås kommune datert 10.3.2015 og til brev frå Ing. Taule AS datert 19.2.2015. Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse i Lurevegen.

Statens vegvesen legg til grunn at omsøkt tiltak (bustad) er i samsvar med reguleringsplanen for området (plan ID 1263-201007 Seim skule med utbetring av Fv 402).



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan. Den aktuelle avkøyrsløse er ringa inn i blått.

Plassering av avkøyrsløse som framgår av godkjent reguleringsplan, treng ikkje særskilt løyve etter veglova § 40 (jamfør Statens vegvesens handbok R701 *Retningslinjer for behandling av avkjørselssaker*). Så lenge bruken ikkje er i strid med føresegner eller arealbruk, er det heller ikkje naudsynt med søknad om endra bruk. Det vil framleis vere naudsynt å vurdere avkøyrsløsetilhøva på staden ut frå føresegnene i veglova § 43. Det gjeld krav til geometrisk utforming, tekniske detaljar, friskt og generelt vedlikehald av avkøyrsløse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Ei utbetra avkøyrsla er regulert i planen for området. Statens vegvesen legg til grunn at kommunen set krav om at avkøyrsla skal verte opparbeidd i samsvar med reguleringsplanen og gjeldande krav til teknisk utforming (vegnormalane). Når det gjeld geometrisk utforming, er svingradius (hjørneavrunding), breidde og frisiktsoner vist i reguleringsplanen. Krav til helling/vertikal linjeføring framgår av handbok N100 *Veg- og gateutforming*, kapittel E.1. Krav til drenering framgår av handbok N200 *Vegbygging*, kapittel 4.

Statens vegvesen legg til grunn at kommunen set krav om at avkøyrsla skal vere ferdig opparbeidd av tiltakshavar, kontrollert og godkjent av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsetjingsløyve for bustad, jamfør plan- og bygningslova § 27-4.

Krava i vegnormalane må følgjast. Dersom det vert opparbeidd ei avkøyrsla som ikkje oppfyller desse krava, må det påreknast at avvik må utbetrast før avkøyrsla kan godkjennast av Statens vegvesen. Vegvesenet rår derfor til at tiltakshavar utarbeider tekniske teikningar for avkøyrsla og sender desse til vegvesenet for godkjenning før det vert igangsett arbeid med utbetring av avkøyrsla.

Dersom det frå søkjar si side er ynskje om ei anna avkøyrsløysing enn den regulerte, skal saka handsamast som planendring eller dispensasjon frå reguleringsplan. Statens vegvesen skal i så fall ha ei slik sak tilsendt for uttale.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Ing. Taule AS (atle@ing-taule.no).